



Andreas Vakt skjold

Referansar:

Dykkar:

Vår: 14/598 - 15/10971

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

16.09.2015

## Referat frå ungdomsrådmøte 8.september 2015

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Tidspunkt:** Kl. 14.00-16.45

| Deltok på møte                | Deltok på møte                      |
|-------------------------------|-------------------------------------|
| Solveig Åsheim Fineid frå 8 A | Steffen Vestheim Sævdal frå 10 C    |
| Ingrid Fjeld Alver frå 8 B    | Jakub Matuszewski frå 1.VGS         |
| Julie Onstad Kvamme frå 8 C   | Maximilian Thiele frå 1.VGS         |
| Trygve Mjøs frå 9 A           | Susanne Sævdal Bere frå 1.VGS       |
| André Fresvik Klausen frå 9 B | Fredrik Gabrielli frå 2.VGS         |
| Åshild Aagaard-Nilsen frå 9C  | Ida Amalie Sæbø Thomassen frå 2.VGS |
| Andreas Vakt skjold frå 10 A  | Ingvild Brattetaule frå 3.VGS       |
| Jonatan Espeland frå 10 B     |                                     |

| Deltok ikkje på møte | Vara |
|----------------------|------|
|                      |      |
|                      |      |

|                                   |  |
|-----------------------------------|--|
| <b>Møteleiar</b>                  | Kontaktperson Katarina Birkeland og representant Ingvild Brattetaule |
| <b>Møtte frå administrasjonen</b> | Ungdomskoordinator og kontaktperson Katarina Birkeland               |

## **Sakliste**

12/15: Godkjenning av innkalling

13/15: Bli kjent

-Presentasjonsrunde

- Mat

-Energizer

14/15:Vedtekter

15/15: Korleis fungerer eit ungdomsråd av Ida Thomassen og Ingvild Brattetaule

16/15:Busstilbodet

17/15:Årets barne og ungdomskonferanse og nettverkssamling

18/15: Aktiviteter 2015

19/15: Val av leiar og nestleiar

-Alle som stille til val må holde ein tale ved talestolen i maks 1 minutt

20/15: Ymse

- Kommunestyremøter

- Møteplan for ungdomsrådet

### **12/15: Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent.

### **13/15: Bli kjent**

Representantane haldt ein presentasjonsrunde for å bli betre kjent med dei andre representantane. Dei vart også betre kjent under matpause og energizer: menneskerbingo som Ida Thomassen hadde laga.

### **14/15:Vedtekter**

Kontaktperson Katarina Birkeland forklarte vedtektene til ungdomsrådet. Vedtektene vart endra i mai 2015 og godkjent i formannskapet i juni 2015. Alle representantane har mottatt ein ungdomsrådperm som alle tar med seg på møta. Permen inneheldt vedtektene, plan for kommunestyremøter og liste over alle representantane og vararepresentantane. Alle innkallingar og referat vert lagt inn i permen.

### **15/15: Korleis fungerer eit ungdomsråd av Ida Thomassen og Ingvild Brattetaule**

Representantar Ida Thomassen og Ingvild Brattetaule er dei einaste representantane av dei 15 som satt i ungdomsrådet i 2013-2015. Dei haldt ein presentasjon om arbeidet og formålet med eit ungdomsråd, og kva rolla som representant går ut på.

### **16/15:Busstilbodet**

Ungdomsrådet ynskjer å arbeide med å få eit betre busstilbod på Radøy. Leiar i ungdomsrådet i 2014/2015 klarte ikkje å fullføre saken, og derfor vart saka vidaresendt til det nye ungdomsrådet.

Ungdomsrådet ynskjer å sette saman ei gruppe på tre representantar som skal arbeide opp mot skys og andre ungdomsråd i regionen for å få eit betre tilbod i lokalsamfunna. Representantane får veiledning og støtte frå kontaktpersonen Katarina.

Representantar André Fresvik Klausen og Åshild Aagaard-Nilsen meldte seg frivillig. Representant Fredrik Gabrielli vert spurt på neste ungdomsrådsmøte 28.september om han ynskjer å delta.

## **17/15:Årets barne og ungdomskonferanse og nettverkssamling**

### **Årets barne og ungdomskonferanse:**

Sidan Radøy kommune vart kåra til årets barne, og ungdoms- kommune i 2014 ,samarbeider dei med barne, ungdoms og,- familiedirektoratet om å arrangere årets barne og ungdomskonferanse i Bergen 1 og 2. november.

Ungdomskoordinator Katarina Birkeland og kulturkonsulent Bente Hervik deltar frå administrasjonen og har valt ut lokale ungdommar som unge arrangørar, konferansierar, som skal holde taler og seminarer, styre lyd og stå for underhaldinga. Frå ungdomsrådet deltar Ida Thomassen, Steffen Vestheim Sævdal, Andreas Vaktstjold, Ingvild Brattetaule og Jakub Matuszewski som unge arrangørar saman med andre ungdommar.

Radøy ungdomsråd kan sende 4-5 representantar som deltakarar på konferansen. Konferansen kostar mellom kr 2000-2500 kr per person. Åshild Aagaard-Nilsen , André Fresvik Klausen, Jonatan Espeland, Susanne Sævdal Bere og Fredrik Gabrielli deltar på konferansen.

### **Nettverksamling:**

Ungdommens fylkesting i Hordaland arrangerer nettverkssamling i Bergen 21 og 22 november. Samlinga kostar kr 1500,- per person for opphald og mat. Ungdomsrådet kan sende to representantar på samlinga. Mange av representantane ynskja å delta på samlinga. Representantane høyrer heime om dei får lov til å reisa. Ungdomsrådet trekker ut to kandidatar på neste møte måndag 28.september. Det vert trekt ut ein kandidat frå ungdomsskulen og ein frå den vidaregåandeskulen.

## **18/15: Aktiviteter 2015**

- Representantane ynskja å få opp igjen volleyball for gutter og jenter. Begge laga manglar trener.
- Ungdomsrådet ynskjer å arrangere datakurs, mobilkurs, kino eller spelkveld for pensjonistar eller ta turen ned til velferdssenteret for å snakke med dei.
- Arrangement for psykisk utviklingshemma

Ungdomskoordinatoren og ungdomsklubben ynskjer eit godt samarbeid med ungdomsrådet.

I haustferien vert det arrangert speldag på biblioteket måndag 5.oktober .

Torsdag 8.oktober arrangerast det open hall i Radøyhallen for born kl. 14.00-18.00 og for ungdom kl. 18.00-21.00. Det vert det hoppeslott, bumperz, hoppemadrass og anna moro. Steffen, Andreas, André, Åshild, Jakub, Solveig, Julie og Ingrid stiller som ungdomsvakter kl. 13.00.

Søndag 6.desember vert det arrangert skurkar og helters familiedag i Radøyhallen for alle. Dette er eit samarbeid mellom ungdomsrådet og ungdomsklubben i kommunen.

## **19/15: Val av leiar og nestleiar**

Ungdomsrådet valte ny leiar og nestleiar for eit år. Kvar representant som stilte til val haldt ein tale på maks 1 minutt på talarstolen.

Desse stilte til val:  
Ingvild Brattetaule  
Steffen Vestheim Sævdal  
Ida Thomassen  
Fredrik Gabrielli  
Jonatan Espeland

Valet var hemmeleg og alle representantane stemte på ein person. Susanne Sævdal Bere og Trygve Mjøs las opp lappane.

Ingvild Brattetaule vart valt til leiar med fem stemmer og Steffen Vestheim Sævdal som nestleiar med fire stemmer. Dei andre seks stemmene vart fordelt mellom dei tre andre.

### **20/15: Ymse**

#### **- Kommunestyremøter**

Alle i ungdomsråda skal delta på to kommunestyremøte i året. I permen ligg oversikt over når representantane skal delta. Dei deltar på spørjetimen og eventuelle saker som omhandlar born og unge.

#### **- Møteplan for ungdomsrådet**

Ungdomsrådet får utdelt ein oversikt over møta for dette semesteret på neste møte. Representantane ynskjer at møte skal starte kl. 15.00 og verte lagt til onsdagar. Måndagar kan gå ved spesielle tilfelle.

#### **- Facebook ansvarleg**

Åshild, André og Steffen er facebook ansvarlege. Deira oppgåve er å oppdatere sida til ungdomsrådet og ligge ut informasjon før, underveis og etter møta og eventuelt arrangement.

#### **- Media ansvarleg**

Ingvild, Fredrik, Åshild og Julie er valt til media ansvarleg

#### **- Helsedirektoratet**

Ida og Ingvild er valt ut til å delta på møte med helsedirektoratet i Oslo saman med 100 andre ungdommar måndag 21.september. Ungdomsrådet dekker hotell frå søndag til måndag på kr 1195. Ida og Ingvild informerer om samlinga på neste møte.

Med helsing

Katarina Birkeland  
ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

|                           |                  |      |           |
|---------------------------|------------------|------|-----------|
| Andreas Vaktskjold        |                  |      |           |
| André Fresvik Klausen     |                  |      |           |
| Fredrik Gabrielli         | Øvre Soltveit 11 | 5939 | SLETTA    |
| Ida Amalie Sæbø Thomassen | Vardane 15C      | 5911 | ALVERSUND |
| Ingrid Fjeld Alver        |                  |      |           |
| Ingvild Brattetaule       | Bøtjørnvegen 60  | 5937 | BØVÅGEN   |
| Jakub Matuszewski         |                  | 5937 | BØVÅGEN   |
| Jonatan Espeland          |                  |      |           |
| Julie Onstad Kvamme       |                  |      |           |
| Maximilian Thiele         | Vetåsvegen 85    | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Solveig Åsheim Fineid     |                  |      |           |
| Steffen Vestheim Sævdal   |                  |      |           |
| Susanne Sævdal Bere       | Sævdalsvegen 14  | 5936 | MANGER    |
| Trygve Mjøs               |                  |      |           |
| Åshild Aagaard-Nilsen     |                  |      |           |